



SANDE KOMMUNE
RÅDMANNEN
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

Det kgl. landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2009/1121	352/2010	V00	STAB / TCK	28.01.2010

MELDING OM VEDTAK VERNEHJEMMEL I JORDLOVA - UTTALE TIL HØYRINGSdokUMENT

Vi melder med dette frå at Sande formannskap den 26. januar 2010, hadde føre ovannemnde som sak 10/10, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Sande formannskap er i utgangspunktet positiv til ei ny jordlov, som legg vekt på å hindre nedbygging av det mest verdifulle jordbruksarealet.
2. Formannskapet føreset at kommunene får stor grad av sjølvstyre til å avgjere kva areal som evt. skal omfattast av det særskilte jordvernet.
3. Formannskapet er kritiske til at regelverket ser ut til å innebære ei svekking av det kommunale sjølvstyret.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift
Sande Servicekontor

Tove Cathrine Kvamme
sekretær



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Oddbjørn Indregård	Arkivsaknr: 2009/1121-4173/2009
		Arkiv: V00

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
152/09	Formannskapet (utsett)	15.12.2009
8/10	Formannskapet (utsett)	12.01.2010
10/10	Formannskapet	26.01.2010

Saka gjeld: **VERNEHJEMMEL I JORDLOVA - UTTALE TIL HØYRINGSdokUMENT**

Tilråding:

- Sande kommunestyre er prinsipielt i mot ei utvikling der det kommunale sjølvstyre vert redusert.
- Sande kommunestyre er negativ til forslaget om ny vernehjemmel i jordlova.

Handsaming i Formannskapet :

Ordføraren foreslo slikt nytt pkt til innstillinga:

- Sande formannskap meiner at jordloven kan utøvast på ein god måte gjennom noverande reglement.

Olav Myklebust foreslo:

1. Sande formannskap er i utgangspunktet positiv til ei ny jordlov, som legg vekt på å hindre nedbygging av det mest verdifulle jordbruksarealet.
2. Formannskapet føreset at kommunene får stor grad av sjølvstyre til å avgjere kva areal som evt. skal omfattast av det særskilte jordvernet.
3. Formannskapet er kritiske til at regelverket ser ut til å innebære ei svekking av det kommunale sjølvstyret.

**Framlegget frå Olav Myklebust fekk 4 røyster og vart vedteke.
Den endra innstillinga fekk 3 røyster.**

VEDTAK:

1. Sande formannskap er i utgangspunktet positiv til ei ny jordlov, som legg vekt på å hindre nedbygging av det mest verdifulle jordbruksarealet.
2. Formannskapet føreset at kommunene får stor grad av sjølvstyre til å avgjere kva areal som evt. skal omfattast av det særskilte jordvernet.
3. Formannskapet er kritiske til at regelverket ser ut til å innebære ei svekking av det kommunale sjølvstyret.

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 28. januar 2010

Tove Cathrine Kvamme
sekretær

Særutskrift:

- postmottak@lmd.dep.no

Uprenta saksvedlegg:

- Landbruk- og matdepartementet, Høyring – forslag til vernehjemmel i jordloven.

Samandrag av saka:

Landbruk- og matdepartementet har sendt ut eit høyringsdokument ang evt regelending i jordlova.

Høyringsfristen er sett til 10.01.2010.

Denne saka har til hensikt å gi ein merknad til det forslaget om regelending som no ligg føre.

Saksopplysningar og vurderingar:

Formålet med jordvernet er å hindre irreversible tap av verdifulle arealressursar. Dette er ressursar som er nødvendige for at framtidige generasjonar skal ha eit grunnlag for å produsere eigen mat på eiga jord.

I flg Statens landbruksforvaltning viser erfaringane at jordvernet ofte taper i lokalpolitiske planprosessar, og at det ofte er svært verdifulle jordvernressursar som må vike for utbygging. Statens landbruksforvaltning foreslår derfor at ein skal foreta ei regelending i eksisterande jordlov. Kort fortalt vil endringa medføre at Kongen gis myndigheit til å gi verdifulle jordvernressursar eit varig vern. Det verna området vil få nemninga ”jordvernområde”.

Av høyringsdokumenta ”lese ein” at grunnlaget for forslaget om regelending, er den utviklinga som skjer rundt dei store byane i landet. Ei evt regelending vil imidlertid gjelde heile landet.

Den jordbruksdrifta som vil ligge i eit evt framtidig jordvernområde ,vil kunne fortsette som i dag. Jordbruksdrifta vil verte betre sikra gjennom vernereglane enn tilfellet er i dag.

Muligheitene for å omdisponere og frådele areal i eit framtidig jordvernområde vil verte innskrenka. Det vert egne reglar om omdisponering/frådeling i jordlova. Myndigheit til å fatte slike vedtak er i forslaget lagt til Fylkesmannen. Kommunen mister altså mynde i slike saker.

Om regelendinga vert vedtatt, skal ein gjennom omfattande prosessar definere dei ulike jordvernområda. Landbruk- og matministeren vil vere ansvarlig statsråd for denne prosessen. I praksis vil Statens landbruksforvaltning og Fylkesmannen verte hovudaktørane i gjennomføringa av slike prosessen.

Konklusjon:

Ei regelending som forslaget legg opp til vil medføre ei endring av beslutningsmynde. I denne saka vil beslutningsmynde verte flytta frå kommunalt nivå til statelig nivå. Endringa er altså i strid med ønske om meir kommunalt sjølvstyre og prinsippet om rammestyring. Sande kommune er prinsipielt i mot ei utvikling der det kommunale sjølvstyret vert redusert.

Miljøkonsekvensar: Nei.

Økonomiske konsekvensar: Nei.

Beredskapsmessige konsekvensar: Nei.

Larsnes, 14.12.2009

Gudmund Sandnes
rådmann

Oddbjørn Indregård
Konsulent